



Arkoconsult AS  
v/Tom Andre Sivertsen  
Postboks 103, HTB-bygget  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2403 - 16/26382

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
23.09.2016

## Svar på søknad om avkjørsle - gbnr 137/783 Alver

Teknisk drift syner til brev datert 07.09.2016 og revidert situasjonsplan og teikning kjellerplan datert 23.09.2016.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle på følgjande vilkår :

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Eigar/brukar av avkjørsle skal, til ein kvar tid halde siktsona vedlike.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonsplan datert 23.09.2016. I søraustre del av eigedom kan det etablerast 2 parkeringsplassar. Parkeringsplassane skal være etablert slik at dei ikkje kjem i konflikt med dei tekniske krav ein har til avkjørsler frå offentlig veg (som til dømes svingradius og siktzone).

**Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging av avkjørsle treng eget løyve frå byggesak.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig



veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

67216052A01 - SITUASJONSPLAN  
67216052A71-0 plan kjeller - rev

**Kopi til:**

Lindås kommune driftsansvarleg veg  
Lindås kommune ved byggesak

**Mottakrar:**  
Arkoconsult AS

Postboks 103, 5291  
HTB-bygget

VALESTRANDSFOSEN